

## **Rettleiar for gjennomføring av nominering av representantar til Kvam ungdomsråd (På skulane i Kvam og ungdomsbasen i Norheimsund)**

### *Informasjon på førehand*

- Skulane og ungdomsbasen må setja seg inn i Kvam ungdomsråd sitt reglement før prosess med nominering av representantar startar
- ALLE på skulen og ungdomsbasen skal informerast om at det skal nominerast representantar til Kvam ungdomsråd og at det er Kvam heradsstyre som skal gjennomføra sjølve valet.

### *Kven kan stilla som representantar?*

- ALLE på skulane og ungdomsbasen skal ha moglegheit til å stille som representantar dersom dei ønskjer dette
- Kandidatane treng ikkje vera medlem av elevrådet ved skulen dei skal representera
- Dei kandidatane som vert føreslått frå skulane, bør vera elevar ved skulen i heile «tenesteperioden» og busett i Kvam herad
- Dei som sit i elevrådet har høve til å stilla til val

### *Korleis skjer nomineringa av kandidatane?*

- Ungdomar som ønskjer å stilla til val kan ta kontakt med elevrådet på skulen sin, kontaktlæraren sin eller utekontakten på Ungdomsbasen.
- Representantar kan bli føreslått av andre, men må sjølve takka ja til å stilla til val
- Nominering av representantar til ungdomsrådet skal organiserast som demokratiske val på skulane og Ungdomsbasen i løpet av august/ september
- På skulane er det elevrådet som organiserer valet. Valmetode må tilpassast frå skule til skule men det er ynskjeleg at dei er opne slik at ein unngår konflikt i ettertid.
- På ungdomsbasen er det utekontakten og «Dozerane» som organiserer valet. Valet skal vera ope slik at ein unngår konflikt i ettertid.
- Alle som stiller til val skal røystast over fordelt per skule og ungdomsbasen i Norheimsund
- Melding om resultatet skal sendast til politisk sekretariat så snart nominasjonsvalet er gjennomført på skulane og ungdomsbasen

### *Samansetjing av ungdomsrådet*

- Det er ynskjeleg med ei geografisk fordeling, mest mogleg lik kjønnsfordeling og at alle ungdomsmiljø i Kvam er representert